



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eli Marita Vik Næss / 57655744

Vår referanse:
17/179543-1

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.10.2017

IKKJE OFFENTLEG, offentleglova § 15, 1. ledd

Tilstand bruer – orientering

Tidlegare i år kom Vegtilsynet ut med ein rapport «Tilsynsrapport sak 2017-02 Inspeksjon av bruer» i Statens vegvesen Region vest. Rapporten peikar på fem avvik. Statens vegvesen ønskjer no å ta tak i dette for å betre resultatane.

Vi ønskjer med dette å orientere fylkeskommunen om det som er avdekka i tilsynsrapporten og korleis vi handterer dette vidare. Vi gjer merksam på at VG har bedt om innsyn i saka.

I Statens vegvesen sitt forvaltningssystem for bruer, BRUTUS er trafikktryggleik for bruer vurdert med skadegrad og konsekvens. Tilsynsrapporten er utarbeidd på bakgrunn av det som er registrert i BRUTUS. Ein skade får ei skadegrad frå 1 til 4 avhengig av kor alvorleg skaden er. Skadekonsekvensen vert vurdert frå 1 til 4 avhengig av kva konsekvensen skaden vil ha for konstruksjon eller brukar. Er ein skade alvorleg og konsekvensen for brua og/eller brukarane stor vil prioriteten på skaden bli 16 (4x4). Då er skadegrad sett til 4 og konsekvensgrad er sett til 4. Når skadegrad er sett til 4 seier vårt forvaltningssystem at tiltak må gjennomførast innan ½ år. Dersom skadekonsekvens er høg skal skaden ha høg prioritet, og handling/tiltak skal utførast straks. Det forvaltningssystemet BRUTUS fortel oss er at vi ikkje har ressursar eller midlar nok til å ta unna det forfallet vi har på bruene vi forvaltar.

I Sogn og Fjordane har vi god kontroll på tilstanden på bruene både på riks- og fylkesvegnettet. Vi gjennomfører hovudinspeksjonar på bruene våre med eit intervall på 5 år. Dette vert fortløpande registrert i BRUTUS. Enkle inspeksjonar, som skal gjennomførast kvart år, vert gjennomført av driftsentreprenør som har ansvar for tilstanden på vegane våre. Her har det i periodar vore litt mangelfunn registrering inn i BRUTUS frå vår side. Dette skuldast i stor grad at vi ikkje har prioritert å sette av ressursar til dette, framfor å fylgjer opp vedlikehaldskontrakten. Vi tykkjer likevel vi har god kontroll, då driftsentreprenøren har ansvar for å rapportera skader til oss ved flaum, ras og trafikkuhell i tillegg til at vi har god kontroll med dei 5 årlege hovudinspeksjonane.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6863 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I Sogn og Fjordane har vi to bruer på fylkesvegnettet som er registrert med alvorleg skade relatert til bereevne. Dette gjelder brua Kvammadalen på fv. 243 i Aurland kommune, som har store sprekker i landkar. Denne skaden er lokal og kan medføra utrasing av veggen bak landkaret. Sjølve brua er ikkje trua. Denne brua står på prioriteringslista vi har utarbeidd som grunnlag for Regional transportplan for 2018 – 2027 som ny bru. Den andre brua er Nautsund Store på fv. 57 i Fjaler kommune. Denne brua har redusert ståltverrsnitt i nokre knutepunkt. Denne skaden er og lokal, og det er ingen fare for at brua vil bryte saman. Det vil no i løpet av oktober bli gjennomført ein spesialinspeksjon med kontroll av lastklasse med tanke på eventuelle tiltak som bør utførast inntil det vert prioritert ny bru på staden. Denne brua ligg og inne på prioriteringslista til RTP 2018 – 2027 som ny bru.

Dei fleste av bruene våre med høg prioritet som truar trafikksikkerheita er bruer med rekkverk som ikkje tilfredsstillar dagens standard, og som er vurdert til å vera trafikkarlege. Desse bruene har eit rekkverk som tilfredstilte dei krav som var sett til rekkverk den gong brua var ny. Dette er ikkje dei same krava vi har i dag, og mange av bruene vil ikkje vera i stand til å bera rekkverk av dagens standard. Mange av bruene er heilt greie når vegstandarden er som den er i dag, men alternativet er å byta ut bruene med nye bruer for å betra trafiktryggleiken. Vegdirektoratet er informert om denne utfordringa, og det vil mest sannsynleg verta sett i gang eit prosjekt for å prøva å finna ei løysing som kan vera akseptabel for desse bruene. Dette arbeidet omfattar bruer fordelt utover heile landet, og det vil ta tid å få på plass ei akseptabel løysing.

Det er stort fokus på bruer med rekkverk som ikkje tilfredsstillar krav til sikkerheit, og vi jobbar med å få oversikt over kva tiltak som kan utførast for å sikre dei verste trafikfellene langs vegane våre.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.